

Fra: Knut Inge Andersen (knia@equinor.com)

Sendt: 07.10.2021 16:11:32

Til: Politisk

Kopi: Stian Jean Opedal Davies; Geir Kjell Andersland; Haugland, Nils

Emne: Dei historiske husdyrrasane i Vestland - Spørsmål til møte i KULII 12-13.10.2021

Vedlegg:

Dei historiske husdyrrasane vestlandsk fjordfe, vestlandsk raudkolle og kystgeit har alle ei sterk tilknytning til fylket vårt.

Dei har det til felles at det berre finst nokre få hundre individ att, sjølv om ein dei seinare åra har greidd å flate ut den nedadgåande kurven.

Dei historiske rasane er ein del av den levande historia til fylket vårt, og dei representerer også ein ressurs for framtida på grunn av genmaterialet sitt.

Rasane er særskilt eigna til dei geografiske områda dei høyrer heime i og representerer eit mangfald innan det norske landbruket.

Spørsmål til utvalsleiar:

1. Korleis er Vestland fylke engasjert, gjennom økonomiske ordningar eller anna, i å sikre desse historiske husdyrrasane for ettertida og fremje interessa for dei til kjøt/mjølkeproduksjon og landskapsrøkt, saman med landbruksorganisasjonane?
2. Å bevare historiske husdyrraser kan være viktig ut frå miljøomsyn og næringsformål. Det vil og representerer ein immateriell kulturverdi. Meiner utvalsleiar at dette kan takast inn som tema i den kommande Regionalplanen for Kultur, idrett og friluftsliv?

Helsing

Knut Inge Andersen

Utvalsmedlem Folkeaksjonen FNB

Eit utlipp frå heimesida til Stad kystgeitlag:





Foto: Lasse Flæde

Kystgeita er ein unik og sjeldan rase som ein nesten berre kan finne i Selje kommune. Her har siste rest av drifta og tradisjonane vorte tekne i vare til idag.

The information contained in this message may be CONFIDENTIAL and is intended for the addressee only. Any unauthorized use, dissemination of the information or copying of this message is prohibited. If you are not the addressee, please notify the sender immediately by return e-mail and delete this message.

Thank you